

## **Styret si årsmelding**

### **VERKSEMDA**

Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar vasskraft.

SKL sin kraftproduksjon ligg i all hovudsak i Hordaland- og Rogaland fylke. Hovuddelen av kraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådals-vassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen- og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusø, Røgne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 440 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne datterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i eigne selskap. 12 av desse har kraftverk i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 142 GWh, og ett kraftverk på 10 GWh er under bygging. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Selskapet deltek også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

### **VIDARE DRIFT**

Årsrekneskapet er avgjort under føresetnad om vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

### **ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE**

Ved utgangen av 2022 hadde SKL 54 tilsette og 2 lærlingar, mot 56 tilsette og 2 lærlingar i 2021. Totalt utgjer dei 54 tilsette 54 årsverk i 2022 mot 55 årsverk i 2021.

SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift. Det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapleg fokus på: helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsetjinga er, i samarbeid med den einskilde, fagforeiningane, bedriftshelsetenesta og NAV, å redusere sjukefråværet og legge til rette for at tilsette kan arbeide lenger før uttak av pensjon.

I 2022 hadde SKL ingen skade hjå tilsette, med eller utan fråvær, og med det ein H1, og H2-verdi lik 0. Tilsvarande tal for 2021 var ein skade med fråvær og H1, og H2-verdi lik 10,6. Samla sjukefråvær var 2,8% mot 6,2% i 2021.

SKL har tilsett ressurs som har ansvar for systematisk HMS-arbeid. SKL har samarbeidsavtale med bedriftshelseteneste.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har 3 tilsette- og 3 arbeidsgjevarrepresentantar. I tillegg møter representant frå administrasjonen og bedriftshelsetenesta. AMU gjennomførte 4 møter i 2022. Faste saker er internkontroll, oppfølging av sjukefråvær, arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uynske hendingar. AMU handsamar og rapportar frå HMS- tenesta, byggjesaker og AMU-årsrapport.

### **LIKESTILLING**

Under følgjer oversikt for kjønnslikestilling i selskapet pr. 31.12.2022:

|  | Kvinner | Menn |
|--|---------|------|
| Totalt tilsette i verksemda                    | 10      | 46   |
| Midlertidige tilsette (antall)                 | 0       | 0    |
| Tilsette i deltidstillingar (antall)           | 0       | 0    |
| Gjennomsnittleg antall veker foreldrepermisjon | 0       | 3    |

Selskapets styre består av 4 kvinner og 4 menn. Leiargruppa i selskapet består av seks personar, og av desse er ei kvinne. SKL sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering er forankra i selskapets etiske retningslinjer som mellom anna seier «SKL viser me omtanke for oss sjølv og kvarandre. Arbeid i SKL skal vere helsefremjande, og kvar og ein skal setje tryggleiken

til seg sjølv og sine kollegaer først! Om ein tykkjer at tryggleiken ikkje blir ivaretatt skal ein sei ifrå. Alle er ansvarlege for å bidra til eit godt arbeidsmiljø. God skikk og bruk er ein del av vår kvardag og me tolererer ikkje mobbing, ulovleg diskriminering eller anna utilbørleg atferd. SKL har eit menneskesyn som seier at alle er like mykje verdt, og me respekterer kvarandre sine personlege eigenskaper og arbeidsoppgåver.»

Varslingsrutine er etablert, og desse legg føringar for varsling av kritikkverdige forhold. Det er også etablert livsfasetilpassa personalstrategi som blant anna tek for seg områda tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv. Selskapets administrasjon er ansvarleg for å sjå til at det blir jobba aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering. I 2022 har det vore fokus på å få på plass ein systematisk tilnærming til arbeidet med ARP. Det er behov for å tydeleggjere selskapet sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering, samt å dokumentere korleis dette arbeidet systematisk følges opp. Vidare vil selskapet i 2023 fokusere på å undersøke risiko for diskriminering og hindre for likestilling, analysere årsaker og sette i verk tiltak for områdane rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår og forfremming og utviklingsmoglegheiter. Forventa resultat av dette arbeidet vil vere å identifisere konkrete diskrimineringsrisiko og etablere tiltak for å redusere eller eliminere risikoane.

## Ytre miljø

SKL utviklar og driftar vasskraftverk, produserer miljøvenleg energi, elektrisk straum.

Sjølvे drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga og landskapsbiletet, lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand.

Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv vert samfunnsnytta i form av tilført fornybar energi stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein kortvarig anleggsfase.

SKL sin samla energiproduksjon i 2022 var 2,76 TWh, dette tilsvarer om lag 1,35 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar spart dersom ein samanlikna vasskraftproduksjon med produksjon av naturgass. Grunnlag for berekna utslepp og samanlikning er henta frå Norsk institutt for berekraftsforskning (Norsus) og FNs klimapanel (IPCC).

Regulering av vassdrag har også andre positive miljøeffektar. Regulering kan i einskilde høver verka flaumførebyggande, redusera skade på natur og eigedom, og sikra høgare kritisk lågvassføring samanlikna med kva naturen sjølv gjev.

SKL vil arbeida for ei berekraftig verd, og selskapet sitt hovudbidrag er knytt opp mot følgjande berekraftsmål:

|   |  |  |  |   |                           |  |   |
|---|--|--|--|---|---------------------------|--|---|
| <b>Rein energi til alle:</b><br>Sikra tilgang til pålitelig, berekraftig og moderne energi til overkommeleg pris  | <b>7 REIN ENERGI TIL ALLE</b><br>  | <b>Stoppe klimaendringane:</b> Handla umiddelbart for å kjempe mot klimaendringane og konsekvensane av dei   | <b>13 STOPPE KLIMAENDRINGANE</b><br>   | <b>Livet på land:</b> Beskytt, gjenoppretta og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempe mot ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing, og stansa tap av artsmangfold | <b>15 LIV PÅ LAND</b><br> | <b>Ansvarlig forbruk og produksjon:</b> Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster | <b>12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON</b><br> |
| <p>Vi utviklar og driftar vasskraftverk og produserer miljøvenleg energi utan utslepp</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Auka produksjon til 4 TWh, innan 2030</li> </ul> <p>Vi deltek i utvikling og drift av andre fornybare energikjelder og -beravarar. Innan 2030 skal vi delta/utvikla:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Hawind, 400 GWh</li> <li>Vindkraftprosjekt på land, i kommunar som er positiv til det</li> <li>Eigarandel i ein hydrogenprodusent</li> <li>Eigarandel i anna (solpark mm)</li> </ul> | <p>Vi skal redusera utslepp i all vår aktivitet, innan 2030 skal vi:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Scope 1, Transport - 55% reduksjon,</li> <li>Scope 2, Elektrisitet - 55% reduksjon</li> </ul> <p>Kjøpa klimavotter og opprinnelsesgarantiar for gjenverande</p> <p>Vi set miljøkrav til våre leverandørar<br/>I alle nye prosjekt skal me mellom anna vurdera berekraftige løysingar for:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Innkjøp av materiell</li> <li>Optimalisera betongbruk</li> <li>Transport</li> <li>Avtalshåndtering</li> <li>Føra klimarekneskap</li> </ul> <p>Vi bidrar til å redusera skadeomfang ved flaum<br/>SKL sett beredskap overvakar vassdraga, informerer kommunar mfl. og overksett flaumførebyggande tiltak</p> | <p>Vi tek omsyn til økosystem og naturmangfold i planlegging, anleggsfase og drift av anlegg våre, vi skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Minimera bruk av areal</li> <li>Vurdera kompensasjon av bruk areal</li> <li>Tippmassar skal i stort mogleg grad gjenbrukast</li> <li>Ivareta 2 vegs fiskevandringer, der det er aktuelt</li> </ul> <p>Vi støttar arbeidet med vassforvaltningsplanar som balanserer vasskraft og vasskraftmiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Økologisk tilstand i utbygde vassdrag skal ikkje forringas</li> <li>SKL investerer årleg 300 000 kr. til utvikling og forbedring som tek omsyn til økosystem og naturmangfold</li> </ul> | <p>Vi arbeider med framtidsretta og berekraftige energiløysingar, vi skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeida berekraftsrapport, årleg</li> <li>Utarbeida klimarekneskap, årleg</li> <li>Sortera avfall og utarbeida avfallsrekneskap, i drift og prosjekt</li> <li>Auka kompetanse og engasjement, internt</li> <li>Årleg informera om: Rein Energi, til skulelever i Stord Kvinnherad og Etne kommune</li> <li>Kvart 4 år vurdera produktspesktar med omsyn til gode alternativ, eks. miljøolje, maling</li> </ul> |   |                           |  |   |
|   |  |  |  |   |                           |  |   |

SKL arbeider etter målsetnadane og har tiltaksplanar for å nå desse. Arbeidet vert dokumentert i SKL sin årlege Berekraftsrapport, denne finn du på [www.skl.no](http://www.skl.no)

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Det vil seia, gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder m.m., skal overhaldast. Selskapet har eigen Driftssentral som overvakar anlegga og vassdraga, internkontrollsysten for miljø og landskap samt -sikkerheit.

Selskapet har i 2022 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har skada ytre miljø. Selskapet har hatt ei uynskja hending med utslepp av 100-200 liter oljehaldig veske, knytt til tömming av oljeutskilljar i prosjekt Løkjelsvatn kraftverk. Veska rann ut i grunnen, men strakstiltaka som vart iverksett hindra vidare forureiningfare. Saka vart varsla og er ferdighandsama av Statsforvaltaren i Vestland.

I 2022 var det registrert 5 hendingar knytt til låg minstevassføring/vasstand som er meldt vidare til NVE. NVE har for 4 hendingane konkludert med at dei ikkje har konsekvens for ytre miljø og har lukka sakene. NVE har førebels ikkje gitt tilbakemelding på den siste saka.

## OM DRIFTA

Året 2022 vart sterkt prega av mange forstyrningar i energimarknaden i Europa. Sentrale årsaker var krigen i Ukraina med reduksjon/stenging av gassleveransane frå Russland til Europa, ein svak energibalanse i Norden, hetebølge i Europa og mykje av Europa sin kjernekraftproduksjon enten midlertidig eller permanent tatt ut av drift. Alle desse forholda smitta direkte inn i den nordiske energimarknaden med prisnivå og -svingingar me ikkje tidlegare har sett.

For SKL var produksjon i 2022 på totalt 2317 GWh i SKL. Det er 19 GWh eller ca. 0,7% meir enn det som er rekna som middel produksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 124 GWh, mot middelproduksjon for anlegga som utgjer 142 GWh. Avviket mot middelproduksjon skuldast hovudsakleg at 3 kraftverk er idriftsett i 2022, og har difor ikkje fullt produksjonsår.

Magasininnhaldet ved inngangen til 2022 var omrent identisk med utgangen, med berre 3 GWh høgare ved utgang. Total nedbør i Matre vart 3581,5 mm (9 % høgare enn normalt) mot 2819 i 2021.

Det har vert god tilgjengeleghet i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Det har vert gjennomført vanleg vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjon.

Snittpris for 2022 i prisområdet Blåfalli (NO2) vart 218,5 øre/kWh. Det er 142,3 øre/kWh høgare enn 2021. Prisen var høgast i august med 434,5 øre/kWh, mens den lågaste prisen fekk vi i november med 112,8 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til løpende spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL vart 223,4 øre/kWh mot 83,9 øre/kWh i 2021. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 176,4 øre/kWh mot 71,5 øre/kWh i 2021.

Dekningsbidraget av kraftomsetninga var for 2022 på 4 877,3 mill.kr mot 1 901,0 mill.kr i 2021 (Sal energi fråtrekt kjøp energi) i SKL AS, og 5 093,1 mill.kr i 2022, mot 1 946,0 mill.kr i 2021 i konsernet. Totalt dekningsbidrag inkludert sal av sertifikat og systemtenester og med frådrag for leige av fall, vart for SKL 5 017,9 mill.kr og for konsernet 5 178,6 mill.kr, mot 1 886,2 mill.kr og 1921,6 mill.kr i 2021.

## OM ÅRSREKNEKAPEN

### Resultat

Rekneskapen for 2022 syner omsetning på 5 519,4 mill. kr. for konsernet og 5 531,3 mill. kr. for morselskapet. Resultat før skatt er 4 852,2 mill. kr. for konsernet, tilsvarande tal for morselskapet er 4 720,0 mill. kr. Overskot etter skatt er 1 745,6 mill. kr. for konsernet og 1 639,1 mill. kr. for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var kr 703,3 mill. kr. for konsernet og 668,2 mill. kr. for morselskapet i 2021. Skattekostnad i konsernet utgjer 3 106,6 mill. kr., medan skattekostnad for morselskapet utgjer 3 080,9 mill. kr. «Avgift på kraftproduksjon» («Høgprisbidrag») er klassifisert som driftskostnad og utgjer 157,9 mill.kr for konsern og morselskap.

Totalt er resultat for konsernet før skatt 3 183,5 mill. kr. sterkare enn tilsvarande tal førre år. Etter skatt er resultatet styrka med 1 042,3 mill.kr. Tilsvarande for morselskapet er ei forbetring på 3 082,2 mill.kr før skatt og 970,9 mill.kr etter skatt:

- Svært sterke kraftpris kombinert med godt tilslig som etter ein våt haust vart litt høgare enn eit normalår, samt god produksjon og tilgjengelighet i samlede av selskapet sine kraftverk gav auke i samla dekningsbidrag med 3 257,0 mill.kr og 3 131,7 mill.kr for morselskapet. Ingen førehandssal av kraft gjorde at all kraft vart solgt til sterke spot-pris.
- Kostnader til overføring av produsert kraft vart redusert med 139,7 mill.kroner for konsernet og 139,2 mill.kroner for morselskapet grunna lengre periodar med negativt marginaltap/energiledd som skal stimulere til produksjon.
- Lønnskostnadene vart redusert med 0,3 mill.kroner for konsernet og morselskapet målt mot 2021. Reduksjonen målt mot underliggende lønnsvekst på ca. 4,3% skuldast høg investeringsaktivitet.
- Andre driftskostnader auka med 29,7 mill.kr for konsernet og 24,3 mill.kr for morselskapet. Ein stor del av auken kan tilskrivast avbrotsforsikring som igjen heng saman med auke i kraftpris. Selskapet vert elles også påverka av høg kraftpris og generell høg prisauke gjennom 2022. Auken skyldast også idriftsetting av tre nye kraftverk gjennom året.
- «Avgift på kraftproduksjon» vart innført med verknad frå 28. september 2022, og er ei avgift på 23% av kraftprisen på delen av prisen som overskyt 70 øre/kWh, vektet på månadssnitt. Avgifta gjeld for produksjonen i alle kraftverka med generator påstempla merkeyting over 10 000 kVA. Utrekna avgift utgjer 157,9 mill.kr i 2022 for konsernet og morselskapet.
- Avskrivingane i konsernet aukar med idriftsetting av tre nye kraftverk, mens avskrivingane i morselskapet til tilnærma uendra. Det vart gjort nedskriving i konsernet med totalt 32,3 mill.kr knytt til to småkraftverk i 2021. Nedskrivinga skyldast svikt i tilslig og produksjon i forhold til forventning. Det er ikkje gjort reversering av nedskrivinga i 2022.
- Ledig likviditet er plassert med låg risiko og kort løpetid i sertifikatmarknaden, noko som har gitt samla renteinntekter med 53,3 mill.kr for konsernet mot 3,5 mill.kr i 2021. For morselskapet er tilsvarende tal 68,9 mill.kr i 2022 mot 10,7 mill.kr i 2021.
- Inntekt frå tilknytt selskap etter eigenkapitalmetoden har auka frå 5,6 mill.kr i 2021 til 20,5 mill.kr i 2022 og heng mellom anna saman med auke i kraftpris.
- På grunn av redusert lånefinansiering er det realisert fastrenteavtalar med gevinst på totalt 30,4 mill.kr.
- Sterk kontantstraum og innløsing av lån har gjort at rentekostnadene berre er 2,2 mill.kr høgare enn i 2021 for konsernet til tross for kraftig auke i rentenivå. For morselskapet er rentekostnadene tilnærma uendra.
- Skattekostnaden er auka til 3 106,6 mill.kr for konsernet og 3 080,9 mill.kr for morselskapet, noko som gir ein effektiv skatt på hhv. 64,0% og 65,3 % mot 57,9% og 59,2% i 2021. Auken skyldast auka sats for grunnrente frå 37% til 45%. Desse skattane kjem i tillegg til eigedomsskatt, konsesjonsavgift, konsesjonskraft og nyleg innført avgift på kraftproduksjon.

## **Investeringar og langsiktige fordringar**

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen er det investert i varige driftsmidlar for netto 186,4 mill. kr. i 2022. Dei største postane gjeld:

- 86,4 mill. kroner på prosjektet Løkjelsvatn Kraftverk i Etne, venta idriftsett hausten 2023.
- 64,6 mill.kroner er nytt til utbygging av småkraftverk, herav er tre idriftsett i 2022 og eit vert idriftsett våren 2023.
- 7,9 mill.kr er nytt i samband med utgreiingar til nye utbyggingar.
- 2,6 mill.kroner er nytt til engasjementet i Sima- kraftverka.
- 3,0 mill.kroner er nytt til engasjementet i Ulla Førre- kraftverka.
- 13,5 mill.kroner er nytt til revisjon og utbetringar av eksisterande kraftverk
- 11,4 mill.kr er nytt til kjøp av verktøy, utstyr og vedlikehald/ombygging av bygg mv.

I tillegg er det nytt 10,0 mill.kr til finansielle investeringar i tilknytt selskap og datterselskap.

## **Balanse og likviditet**

Grunna sterke auke i resultat og høg effektiv skattesats er likviditetssituasjonen pr. 31.12.2022 sterkt med bankinnskot på 627,0 mill.kr for konsernet og 542,2 mill.kr for morselskapet. Inneståande på konsernkonto utgjer i tillegg 1 708,8 mill.kroner. Det er gjort kortsiktig plassering av overskotslikviditet i kapitalmarknaden med 1 842,8 mill.kr.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2022 negativ med 456,0 mill. kroner for konsernet. Tilsvarende for 2021 var negativ med 415,5 mill. kr. Skattegjeld på 3 262,8 mill.kr til forfall i 2023, saman med utbytteavsetning på 1 100,0 mill.kr, er dei to dominerande elementa i den negative arbeidskapitalen. Det vart hausten 2022 utbetalt eit tilleggsutbytte på 300,0 mill.kr.

Likviditetssituasjonen er god. I tillegg har konsernet unytta kassakreditt på 300 mill.kr. Samla gjeld knytt til obligasjonar, og andre lån og kassakreditt utgjer 621,7 mill.kr pr. 31.12.2022, mot 918,7 mill.kr pr 31.12.2021. Det er ikkje forfall på langsiktig gjeld i 2023. Kontantbehaldning, kortsiktig kapitalplassering og unytta kassakreditt i kombinasjon med venta innbetalingsoverskot frå drifta gir god margin for dekning på forfall for kortsiktig gjeld og investeringar i kommande periode.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbyte til eigarar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 36,2% mot 51,4% ved utgangen av 2021. Redusjonen skuldast kraftig auke i balansesum som følgje av auka kortsiktig gjeld knytt til betalbar skatt. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn balanseførte verdiar. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved, og omfanget av verksemda i konsernet.

## Kontantstraum

Konsernet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 4 218,4 mill. kr. etter betaling av skatt og endring i driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2021 var 1 852,1 mill.kr. Endringa skylast sterkt kontantstraum grunna høg kraftpris.

Etter netto investeringar i driftsmidlar og finansielle eidedalar med 149,8 mill. kroner er netto kontantstraum før finansiering positiv med 4 067,0 mill.kr mot 1 516,1 mill. kroner i 2021. Etter innløsing av obligasjonsgjeld, utbetaling av utbytte og plassering av overskotslikviditet enda netto likviditetsendring gjennom året på 407,5 mill.kr mot 153,5 mill.kr i 2021

Morselskapet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 4 055,1 mill.kr. etter endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2021 var 1 765,6 mill.kr.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilet av verksemda og finansiell situasjon for 2022. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2022.

## FRAMTIDIG UTVIKLING

2022 har vært eit spesielt år for kraftmarknaden. Der 2021 var eit år med normalisering etter kollaps i kraftprisen i 2020, både 2022 mellom anna på krig, tørke og hetebølgje som gav kriser for kraftmarknaden.

Konsernet sine kraftverk og magasin viste gjennom desse krisene verdien av både høg magasingrad, god reguleringsevne og isbreen Folgefonna si evne til å jamne ut tilsiget. Resultatet er at SKL har levert tilnærma normal produksjon og tilsig i eit elles tørrår, godt tilpassa marknaden sitt behov for kraft.

Framtidig inntening og finansiell stilling vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2023 har kraftprisen hold seg på eit sterkt nivå, men har falt noko tilbake frå nivå i desember 2022. Framover viser marknaden for framtidskontraktar ei normalisering av prisen, men det er stor usikkerheit knytt til særleg den Europiske energimarknaden framover.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon. I tillegg står selskapet midt i betydelege re-investeringar i kraftverka i Etne der Løkjelsvatn Kraftverk er under bygging. Dette kraftverket erstattar fleire eldre kraftverk og vil nyttja energien i vatnet på ein meir effektiv måte.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å genererer stor positiv kontantstraum.

SKL vil framover fortsette å ha fokus lønnsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og på den andre arbeide for å ytterlegare optimalisere og effektivisere SKL som eit reint produksjonsselskap.

## FINANSIELL RISIKO

SKL står blant anna ovanfor følgjande finansielle risiko:

- Pris-, volum- og valuta risiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft.
- Renterisiko knytt til låneportefølje.
- Refinansierings-risiko.

### *Pris-, volum- og valutarisiko*

SKL er eksponert for prisrisikoene for krafta som selskapet produserer. Prisen i kraftmarknaden er volatil. På kort sikt er prisen svært sensitiv til hydrologisk situasjon og til prisen i andre marknader som gass, utsleppskvotar og olje. Etter utbygging av meir uregulert kraftproduksjon som vind- og småskala vasskraft er prisen også blitt meir sensitiv til vind- og nedbørssituasjon på kort sikt. I 2021 kan det sjå ut som idriftsetting av to nye kablar til hhv. Tyskland og England auka denne volatiliteten i tillegg til å auke kraftprisen. 2022 har vist korleis den nordiske kraftmarknaden er sterkt korrelert med den europeiske. Men i

tillegg har utbygging av ny uregulert kraft kombinert med stor hydrologisk forskjell mellom sør- og nord i Norge eksponert flaskehalsar mellom dei nordiske prisområda.

SKL har over tid stått med ein strategi der all kraftproduksjon vert solgt til spot-pris. SKL er difor svært eksponert for endringar i marknadsprisen, noko som ytterpunkta i resultata i 2020 i målt mot 2022 viser. Strategien har gjort SKL mindre eksponert for skatterisikoen i forskjell mellom «systempris», som ofte sikringskontraktar vert oppgjort mot, og områdepriis som er grunnlaget for grunnrenteskatten. Auka grunnrenteskattesats til 45% og nytt «avgift på kraftproduksjon» på 23% ytterlegare aukar skatterisikoen.

SKL har ein solid finansiell stilling og eigalar som kan handtere risikoen med å være eksponert for endringane i marknadsprisen. Sjølv om kortsiktige svingingar kan Dempast ved førehandssal av kraft, er det ikkje sannsynleg at dette over tid vil gi betre resultat, og kan heller ikkje beskytte mot langsiktige endringar i kraftmarknaden.

Med kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

#### *Renterisiko*

Selskapet sin renterisiko frå låneportefølja vert delvis sikra gjennom rentebyteavtalar. Grunna sterkt finansiell stilling og redusert låneportefølje er løpende sikringar innløyst i 2022.

#### *Re-finansieringsrisiko*

Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og re-finansiering. Kort løpetid i låneportefølja aukar denne risikoen. Risikoen vert handtert gjennom spreiing av forfall over tid, samt finansieringsrammer gjennom trekkrettar/kassakreditt i tillegg til likviditetsbeholdning.

## **RESULTATDISPONERING**

SKL si målsetjing er langsiktig verdiskaping. For å bidra til å bygga ein kapitalbase for vidare vekst, er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet. Grunna ekstraordinært resultat i 2022 er denne redusert til 80%, noko som gir eit utbytte tilnærma 1 400 mill.kr. Herav er 300 mill.kr utdelt i eit tilleggsutbytte hausten 2022.

Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

#### **Styret sitt forslag til disponering av overskottet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2022:**

|                               |    |               |
|-------------------------------|----|---------------|
| Avsett til utbytte            | kr | 1 100 000 000 |
| Avsett til annan eigenkapital | kr | 539 119 000   |
| Sum disponering               | kr | 1 639 119 000 |

Stord, den 23. februar 2023

**John Martin Mjånes**  
Adm. direktør

**Olav Linga**  
Styreleiar

**Olav Osvell**  
Nestleiar

**Gunn Margareth Lassesen**  
Varmedlem

**Astrid Kjellevold**  
Styremedlem

**Ketil Konglevoll**  
Styremedlem

**Sigbjørn Framnes**  
Varmedlem

**Egil Åkra**  
Styremedlem tilsette

**Bjørn Rune Lekven**  
Styremedlem tilsette